

**Fra:** John Ramsøy [john.ramsøy@gmail.com]

**Til:** Postmottak Sogndal [Postmottak@sogndal.kommune.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 28.06.2016 10:12:31

**Emne:** Merknad til detaljreguleringsplan for Nærestad hyttefelt i Sogndalsdalen (plan ID: 1420-2015008)

**Vedlegg:**

Ved gjennomgang av kartet som ligg ved denne planen, ser vi at ein god del av hytteeigedommen vår er merka som friareal (F1). Det gjeld den del av eigedommen som ligg mellom sætervegen og Dalavegen.

Vi kjøpte hytteeigedommen frå Rutlin sameige ved Stig Rutlin m. fl. hausten 2014 (tinglyst 2015) etter å ha hatt tinglyst festekontrakt på eigedommen sidan 1978.

Vi har aldri før høyrte eller sett noko om at dette området skulle verte friområde med dei restriksjonar dette fører med seg for vår bruk av eigedommen. Vi kan heller ikkje forstå at ein utan vidare kan gjere slike endringar.

Helsing

Jorunn J. Vatløstad Ramsøy og John Ramsøy

Eigar av 22-172



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamarar:  
Heidi Sandvik - 57643151, E-post: [fmsfhsa@fylkesmannen.no](mailto:fmsfhsa@fylkesmannen.no)  
Mari Severinsen - 57643028, E-post: [fmsfmse@fylkesmannen.no](mailto:fmsfmse@fylkesmannen.no)

Vår dato  
30.06.2016

Vår referanse  
2015/4144- 421.4

Dykkar dato  
31.05.2016

Dykkar referanse

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 Sogndal

## Fråsegn til føreslegen detaljreguleringsplan for gbnr. 22/1 mfl, Nærestad i Sogndalsdalen i Sogndal kommune

Vi viser til oversending dagsett 30.05.16.

Føremålet med planen er å leggje til rette for fortetting av eit hyttefelt og utbetring av infrastrukturen. Hyttebygging i området er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen.

### Natur og miljø

Vi har ikkje avgjerande merknader til planframlegget ut frå omsyn til natur og miljø.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Det er utarbeida ein ROS-analyse i samband med planframlegget. Vi ser at Sogn Brann og Redning IKS er blitt konsultert og at deira innspel er tatt omsyn til i føresegna.

Skredvurderinga som ROS-analysen viser til, konkluderer med at det kun er fare for våte jord- og flaumskred. Denne vurderinga baserar seg m.a. på tidlegare skredaktivitet i området. Vi vil minne om at dei forventa klimaendringane vil kunne føre til at føresetnadene for skred vert endra og at det difor er viktig med ein brei analyse (Sjå NVE sin rettleiar for Flaum- og skredfare i arealplanar).

Vi kan ikkje ut frå ROS-analysen lese kva slags framskrivingsperiode som ligg til grunn for forventa framtidige klimaendringar. I april publiserte Klimaservicesenteret ein klimaprofil for Sogn og Fjordane, som kan leggest til grunn og vere eit hjelpemiddel ved framtidige vurderingar av klimaendringar i kommunen sitt planarbeid.

Med helsing

Dag Endre Stedje  
seniorrådgjevar

Heidi Sandvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi pr. e-post: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Vår dato: 01.07.2016  
Vår ref.: 201506810-6  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 30.05.2016  
Dykkar ref.: 16/1117-8

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan Nærestad hyttefelt - Sogndal kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 30.5.2016 som gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Nærestad hyttefelt.

NVE er nøgd med at det i samband med planarbeidet er gjennomført ei skredfarevurdering av planområdet. Skredfare med nominelt sannsyn 1/1000 er lagt inn som omsynssoner i plankartet med tilhøyrande føresegner i planen.

Med helsing

Bright Samdal  
regionsjef

Terje Systad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



## Statens vegvesen

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Hans Erik Buene / 57655815

Vår referanse:  
15/241693-5

Deres referanse:

Vår dato:  
25.07.2016

### Fråsegn til detaljreguleringsplan for Nærstad hyttefelt – gnr.22 bnr.1 m.fl. – Sogndalsdalen – Sogndal kommune

Vi viser til tidlegare innspel i samband med varsel om planoppstart og førebels merknader til planforslaget som vi sende som E-post før ferien. Viktigaste kravet frå vår side er at siktforholda i avkøyrsla til fylkesvegen vert utbetra før vidare utbygging av feltet. Dette kravet er teke inn i §2.2 i planføresegnene. Men frisiktområdet som er sett av på plankartet er for lite. I beste fall kan dei avsette sikttekantane tolkast til 4x60 m i kvar retning, tilsvarende vegnormalkravet for samleveg med fartsgrense 60 km/t. Fartsgrensa i planområdet er 80 km/t og tilsvarende siktkrav minimum 4x100 m. Dette må rettast på plankartet og takast inn i føresegnene.

Vegnormalane, handbok N100, set fleire krav til frisiktområde i kryss og avkøyrslar, men i samband med denne planen er kravet om at «Innen sikttekanten skal eventuelle sikthindringar ikke være høyere enn 0.5 m over primærvegens kjørebanelnivå» det viktigaste (kap. E.1.4.2). I tilsvarende kapittel for kryss, E.1.1.5, er kravet og formuleringa den same, men her er i tillegg vegetasjon og snø nemnde som døme. Vi meiner dette er relevante døme for det aktuelle planområdet og at det spesielt bør takast høgde for snø slik at det i planen som minimum vert sett krav om at terrenget i siktlinja skal ligge under nivået på vegen, i praksis at det vert sett av plass til ein halv meter snø.

I føresegnene til planen er det §7.1 som regulerer frisiktområdet. Vi ønskjer at føresegna vert gjort både strengare og tydelegare og at følgjande moment vert tekne med:

- At storleiken på frisiktområdet vert fastsett til 100 m i kvar retning frå 4 m inn i avkøyrsla
- At terrenghøgda i siktlinja skal ligge under vegnivået på fylkesvegen
- Og at det ikkje skal setjast opp gjerde eller andre innretningar i frisiktområdet som kan hindre vedlikehald eller vere til fare for trafikkantane

Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 02030

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

Org.nr: 971032081

9815 Vadsø

Når det gjeld det planlagde parkeringsområdet P1, er vi i tvil om det kan bli eit egna parkeringsområde for framtida. Spesielt om det skal nyttast både i samband med renovasjon og som reserveplass for hyttene. På plankartet er området vist med breidde 12–13 meter og meir, men då er grøft mot fylkesvegen og mur og skråningar mot veg 2 inkludert. I dag er den flate delen av arealet ca. 8 meter breitt og denne breidda vil bli redusert med siktkrav i samsvar med fartsgrensa. Om ein flytter avkøyrsla til fylkesvegen 10–15 meter mot sør, vil arealinngrepet for å oppfylle siktkravet bli redusert, men det går likevel med 5 meter til grøft i samsvar med føresetnadene i planen. Det finst andre løysingar utan at vi har sett nøye på det, men vi kan vanskeleg sjå gode løysingar utan å ta i bruk deler av område F2 og/eller F3 til trafikkformål. I tilfelle det vert aktuelt å flytte avkøyrsla, føreset vi at den vert bygd med fall ut frå vegkant i samsvar med vegnormalen N100.

Når det gjeld grøntområda, har vi elles registrert at dei er markerte som friområde F1–F5 på plankartet, men som friluftsområde FR1–FR4 i planomtalen og i føresegnene.

Vegavdeling Sogn og Fjordane  
Med hilsen

Mari Hage Basberg  
seksjonsleiar

Hans Erik Buene

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*